



Ing. K. Dømbe  
Ketil Dømbe  
Fanavn 221 C  
5239 RÅDAL

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1462 - 15/439

Saksbehandlar:  
Benjamin Hicks  
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:  
08.01.2015

## Ferdigattest - gbnr 137/772 Alver - planering av N/K/I 3 og 4, anlegg av veg og v/a anlegg

Vi syner til søknad om ferdigattest motteke den 04.12.2014

### Vedtak:

Kommunen gjev med dette ferdigattest for ovannemnde tiltak, jf. plan- og bygningslova § 21-10.

### Spesifikasjon.

Byggestad: 137/772  
Type tiltak: Planeringsarbeider og anlegg av veg og v/a anlegg  
Vedtak: Delegert sak behandla den 12.11.2013

Ferdigattest vert gjeve etter søknad når det ligg føre naudsynt sluttdokumentasjon og fråsegn ferdigstilling, jf. byggesaksforskrifta § 8-1.

Ved søknad om ferdigattest skal søkjar bekrefte at tilstrekkelig dokumentasjon som grunnlag for driftsfasen er overlevert byggverkets eigar, jf SAK § 8-1 (2) og SAK § 8-2. I dette tilfelle er slik dokumentasjon openbart overflødig, jf TEK § 4-2 (2). Kravet bortfaller.

Ferdigattesten er ikkje ein stadfesting på den tekniske kvaliteten ved tiltaket, men ein stadfesting på bygningsstyresmaktene si avslutning av saka.

Anlegget eller deler av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det som er fastsett i dei løyver som er gjevne tidlegare.

### Klagerett

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.



**Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:**

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Tor Hegle  
einingsleiar

Benjamin Hicks  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Ing. K. Dømbe

Fanavn 221 C 5239

RÅDAL